



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

v/Lin Hjelmeland Finjord

Bjørnadikje 3, 6800 Førde

15.april.2014

Kjeld klage på avslag på søknad om Kulturmidlar for 2014

Viser til melding om vedtak etter HK-sak 10/14 - tilskot til kulturorganisasjonar handsama i hovudutval for kultur i møte 19.3.2014, og avslag på vår søknad både i høve drift og aktivitet.

Naturvernforbundet har ved fleire høve søkt om kulturmidlar frå Fylkeskommunen, og har også klaga på tidlegare avslag på vår søknad. Underteikna deltok på Innspelsmøte 7. januar 2014 i høve ny kulturstrategi, og det var positivt å sjå at tema kring natur, var inkludert i den nye kulturstrategien. I samarbeid med FNF, blei det sendt inn uttale til planen som vedlagt. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur områder, og tek initiativ til ulike aktivitetar og arrangement med fokus på naturglede i løpet av året. Naturvernforbundet er avhengige av driftsmidlar så vel som aktivitetsmidlar, for å kunne arbeide slik vi gjer i dag.

Som grunngeving for avslaget vert det vist til utviklingsavtalen plan og samfunnsavdelinga har inngått med Naturvernforbundet i perioden 2013-2015, og at Fylkesdirektøren ikkje finn rom for å kunne løyve fylkeskommunale midlar utover det som allereie er løyvd gjennom utviklingsavtalen.

Vi er svært glade for den utviklingsavtalen vi har fått med fylkeskommunen, men Naturvernforbundet finn det viktig å bli akseptert som ein del av frivillig sektor, og som ein kulturaktør i Sogn og Fjordane gjennom sitt arbeid med organisasjonsarbeid/ demokratiopplæring, aktivitetar, blant anna tilrettelagt for barn og unge.

Naturen har ein stor kulturverdi. Den gir rom for oppleving av natur og landskap, identitet, og fellesskap, og er ein viktig del av den norske kulturarven som vi arbeider aktivt for å ta vare på.

Etter deltaking på strategimøtet 7.januar, fikk vi tru på at tida var kommen for at også Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, kunne vere ein mottakar av kulturmidlar i fylket. I det vi viser til vår fellesuttale til strategiplanen, vil vi be om at vår søknad vert vurdert på ny.

Med venleg helsing

Lin Hjelmeland Finjord – sign-

Fylkessekretær

